

Randi Enger
5994 Vikanes

200702613-67

FV/NCPR

NVE
Konsesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Uttale i høve søknad frå Statkraft om vassdragskonsesjon for kraftutbygging i Jostedalen,, Vestsideelvane

Innleiing

Søknaden inneber også at det vil bli oreigna fallrettar. Denne fråsegna er i hovudsak avgrensa til å gjelda oreigningssøknaden og mogeleg skjøn i samband med oreigninga.

Særskilt om saksføreavinga

Eit vedtak om å gje løyve til oreigning bygt på saksføreavinga til no må føra til at løyvet vert kjent ugyldig.

Eg nemner:

Reglane for saksføreaving i oreigningssaker etter oreigningslov og forvaltningslov er ikkje fylgde. Slik eg skjønar det er dei som vert inviterte til å uttala seg berre bedne om å uttala seg om natur- og miljøtilhøve etter vassdragsreguleringslov og/eller vassressurslov. Dei er ikkje gjort kjende med korleis saka står som oreigningssak, kva moment som då skal vektleggjast, kva for reglar som gjeld og kva rettार dei som misser ressursane sine har.

Desse feilane er særleg alvorlege fordi rettstilstanden på området og verdiane av fall har endra seg dramatisk. Eg nemner som døme at Stortinget i førearbeidet for ny vassressurslov særskilt og eksplisitt har stilt krav om at alternativet med småkraftutbygging skal tilleggjast stor vekt. Dette er grunngevi ut frå omsynet til lokal næringsutvikling.

Vidare har domstolane no godteki verdsetjing av fall som i tilfella der det er tale om vesentleg regulering av falla til vanleg fører til at verdiane av falla vert sett 20 - 50 gonger høgre enn før, men som i ekstreme tilfeller kan vera opp mot 1000 gonger høgre. Falleigarane og andre skal ha reelt høve til å vurdera oreigninga opp mot slike fakta. Det kan ikkje akseptrast at NVE legg opp saksføreavinga som om inkje har skjedd på dette området, og let falleigarane leva i den trua.

Minst to saker som gjeld slike tilhøve står no for Høgsterett. NVE har plikt til å gjera dei dette gjeld kjende også med kva dette kan få å seia for dei som risikerer å missa ressursane sine. Dei er partar i konsesjonssaka ikkje berre som vanlege borgarar som fyrst og fremst skal uttala seg om natur og miljøtilhøve. Dei har også stilling som eigarar med slike rettार som fylgjer både av norske overordna rettsreglar og av menneskerettskonvensjonar om eigedomsrett som EMK Tp 1 - 1.

Døme

Eg nemner nokre konkrete døme på sakstillhøve som falleigarane veit lite om og som dei etter det eg forstår ikkje, eller lite, er blitt orienterte om:

1.

Falleigarane har høve til å søkja om å få byggja ut sjølv så langt gjeld dei falla som ikkje alt er overtekne av Statkraft.

NVE har plikt til å orientera om korleis dette kan gjerast og kva reglar som gjeld.

Denne plikta omfattar også å orientera så pass grundig om saka medrekna dei økonomiske sidene ved slik utbygging at falleigarane har grunnlag for å vurdere dette opp mot konsekvensane av ein eventuell konsesjon til Statkraft.

2.

NVE har eit særleg ansvar for å orientera om endringar som har skjedd i seinare tid og som falleigarane - og i mange tilfelle også advokatane deira - ikkje veit og heller ikkje kan ventast å vita noko særleg om.

Det gjeld tilhøve som nemnd ovafor. Men eg nemner nokre konkrete moment i tillegg til dette:

I den såkalla Saudasaka, Gulating lagmannsrett sak 07-176723SKJ-GULA/AVD2, vart gjevi erstatning ved oreigning av fall i storleiksorden 1 kr pr kwh årsproduksjon når fallet var medels kostesamt å byggja ut. NVE er pliktig til å fortelja falleigarane om at det er verdiar av fall på dette nivået eller endå høgre denne saka kan koma til å dreia seg om.

I Jostedalen vart halde skjøn i 1966. Skjønet la til grunn ein avtale mellom falleigarane og forlauparen for Statkraft, den gongen Norges Vassdrags og Elektrisitetsvesen, NVE, om at falleigarane kunne krevja nytt skjøn når anlegget skulle byggjast ferdig. Legg vi erstatninga i Saudasaka til grunn, gjeld Jostedalsutbygginga verdiar som godt kan vera 800 mill kr eller meir dersom denne retten gjeld heile utbygginga når årsproduksjonen er 800 Gwh. Gjeld denne retten berre ein del av Jostedalsutbygginga, td 200 Gwh, dreier det seg framleis om verdiar i storleiksorden 200 mill kr.

Slike tilhøve skal falleigarane vitrast om. Det er pliktforsøming frå NVE og lureri frå Statkraft om det er så at falleigarane no har fått eit tilbod om 500 kr pr naturhestekraft for å la vera å krevja slikt nytt skjøn utan at dei har fått vita noko om kva for verdiar dette reelt står om.

3.

Vassdrag og fallrettar tilhøyrer i Noreg bøndene og bygdesamfunna deira gjennom sameigereglane. Det fylgjer då av eigeomsretten at det skulle vore bøndene og bygdesamfunna som sjølve bygde ut falla. Det skjedde også i stor mon. I 1945 var det omlag 1900 lokalt eigde kraftverk i Noreg.. Men i 1938 vart skipa eit kartell, eller ei samanslutning av store kraftselskap, der staten ved NVE var med saman med mellom anna store private selskap som Hydro og Elkem. Dette kartellet fekk kontroll på nettilgangen og kunne stengja ute frå elektrisitetsnettet alle som ikkje var medlemmer av kartellet. Lokale kraftverk fekk då ikkje tilgang til nettet og til marknaden for elektrisk energi. Kraftverka deira vart dermed så godt som verdlause. Dei aller fleste av dei 1900 lokalt eigde kraftverka vart nedlagde. Vassfalla deira vart også lite og inkje verdt på eigarane og lokalsamfunna si hand fordi dei ikkje fekk tilgang til nettet og marknaden om dei sjølve bygde ut.

Dette var hovudgrunnene til at dei store selskapa, både offentleg eigde og private som Hydro og Elkem, kunne overta fall til slike skammelege låge prisar som Jostedalssaka frå 1966 er eit døme på.

Energilova frå 1990 sette forbod mot å stengja nokon ute frå nettet. Bønder og lokalsamfunn kunne då på nytt byggja ut falla sine sjølve. Vi fekk småkraftverk som ei bygdenæring. Men denne retten gjeld også større anlegg som td Jostedalsutbygginga. Vert dei hindra i dette ved at staten meiner andre bør overta falla ved ekspropriasjon, skal dei ha full erstatning for det dei taper ved at dei ikkje får byggja sjølve.

Dei store kraftverka meinte at dei rettsreglane som vart utvikla medan det - truleg ulovlege -

monopolet på nettilgangen stod ved lag fram til 1990 skulle gjelda framleis. Det går no føre seg ein beinhard kamp både i rettsapparatet og i andre organ om korleis dette er å forstå. Samstundes prøver dei sterke maktinteressene attom dette å hindra at desse problemstillingane blir kjende for falleigarar, bygdefolk og folk flest gjennom media eller på annan måte. Saksføreavinga i NVE tyder på at ein heller ikkje der er interessert i at folk skal få vita noko særleg om kva som går føre seg.

Til no har falleigarar og lokalsamfunn likevel i stor mon fått medhald i domstolane, også i eit par saker i Høgsterett. Men dei store selskapa gjev seg ikkje. Dei gjer absolutt alt dei kan for å hindra at falleigarar og lokalsamfunn sjølve får nytta ut ressursane sine. Desse ressursane vil dei framleis ha utan å betala stort for dei. Det er også situasjonen i Jostedal.

NVE er godt kjent med dette. Det er ikkje partane i denne saka. Og NVE behandlar desse sakene som før utan å opplysa noko om den utviklinga som har vore. Det vert sagt fint lite om falleigarane sin stilling i slike saker og heller ikkje stort om vurderingar av dei ulike utbyggingsalternativa i høve til føremonar og ulemper for lokalsamfunna i ein næringssamanheng. Det gjeld utan omsyn til at Stortinget har uttala seg klart om dette.

NVE er sterkt å klandra fordi dei ikkje vitrar partane og andre som skal uttala seg om at slike tilhøve skal ha sterk vekt i slike saker.

NVE bør også sjølve vitra falleigarar og lokalsamfunn om moglege alternative utbyggingsmåtar - og har truleg også plikt til det. Det blir ikkje gjort. I staden førekjem det at NVE nektar i det heile å sjå på alternative utbyggingsalternativ før storutbyggjaren sin søknad i realiteten er avgjort!

Det bør takast eit grundig oppgjær med NVE sin praksis på dette området.

4.

To av dei rettsakene som får verknad for Jostedal kjem opp i Høgsterett no i haust.

Den eine gjeld rettsreglane ved overføring av vatn frå eit vassdrag til eit anna. Om falleigarane misser fossen sin på denne måten, er det ikkje oreigning, berre konsesjon til å overføra vatn seier storutbyggjaren i den saka og NVE. Då treng ein ikkje fylgja dei reglane som gjeld i oreigningssaker. Det er nok å vurdere om denne overføringa er forsvarleg ut frå natur og miljøomsyn. Overføring av elvane i Jostedalen til eit anna vassdrag kan då skje utan vidare om NVE kjem til at dette er i orden ut frå natur og miljøomsyn. Bøndene og lokalsamfunna sine næringsinteresser i desse elvane har ikkje noko å seia for vurderinga om bøndene skal få byggja ut sjølve.

Høgsterett skal i oktober avgjera om dette er rett forståing av lov og regelverk.

Den andre saka gjeld fastsetjing av vederlag når falleigarane misser vassdrag som dei av ein eller annan grunn ikkje kan byggja ut sjølve. Då gjeld heller ikkje den såkalla naturhestekraftmetoden seier storutbyggjaren. Falleigarane skal då ha kr 0 i erstatning. Dersom NVE kjem til at elvane i Jostedalen blir for dyre eller vanskelege å byggja ut av bøndene sjølv skal dei då ikkje ha noko erstatning.

Dersom storutbyggjarane får medhald i Høgsterett i desse sakene, kan resultatet mykje godt bli at bøndene i Jostedal vert nekta å byggja ut sjølve som alternativ til overføringa av vatnet. Samstundes får dei kr 0 i erstatning om dei mistar elvane sine, sjølv om utbygginga som Statkraft gjer er aldri så lønsam.

Det finst motargument mot dette utan at eg kan gå nærare inn på dette her. Eg nemner som døme at det kan hevdast at falleigarane både ut frå norske rettsreglar og ut frå det menneskerettane seier om


eigedomsretten har rett til å delta i Statkraft si utbygging. Då skal dei ha erstatning om oreigninga gjer at dei ikkje får nytta ut denne retten. Men dette argumentet har etter det eg veit aldri før vore nytta. Ingen advokat har til no vore modig nok til å seia noko slikt i retten. Advokatar flest har ikkje stor evne eller stort mot til å bryta med konvensjonar og det dei store held for rett. Den tildekkinga av desse problemstillingane som har vore gjer at dei fleste av dei ikkje veit mykje om dette heller.

NVE derimot er vel kjent med slike problemstillingar som nemnd ovafor. Særleg i den situasjonen vi har i dag når mykje er uklart på dette området har dei plikt til å orientera om dei ulike problemstillingane og alternativa som finst.

Det er ei forsøming når dette ikkje er gjort.

I tillegg kjem at NVE historisk har eit særleg ansvar. NVE var sjølv ein del av det kartellet som i praksis stengde falleigarar og lokalsamfunn ute frå å byggja ut sine egne vassdrag. NVE var også ein del av det selskapet som i 1966 tileigna seg store deler av fallrettane i Jostedalen. Seinare er rett nok NVE utskilt frå dette selskapet. truleg nett fordi denne ordninga vart vel mykje ei bukken til havresekken ordning. Det som skjer i Jostedalen og andre stader nett no tyder sterkt på at NVE ikkje har lært stort frå den gongen og framleis ser seg sjølv som eit talerøyr for dei store og sterke.

NVE må ta sine plikter som saksførebuande organ mykje meir alvorleg enn institusjonen har gjort til no, ikkje minst plikta til å opplysa partane om kva saka eigenleg gjeld.

Vikanes 1308 2011

Randi Enger